

## Møtereferat

Dato: 27.6.2016

Emne:	<b>Møte i arbeidsgruppa for bompengesøknad for Sotrasambandet – referat</b>	
Til stades:	Anne Iren Fagerbakke (Bergen kommune), Øivind Støle (Bergen kommune), Kristian Bauge (SVV), Magnus Natås (SVV), Willy Sørensen (Fjell kommune), Thorbjørn Aarethun (HFK) og Bjørn Inge Midtgård (HFK).	
Forfall:	Inge Gerhard Storebø (Sund kommune) Siri Fahlvik Pettersen (Øygarden kommune) Helge Sandvik (SVV)	Sak: 2014/1015-21
Møtetid:	16.06.2016 kl. 12.00 – 14.00	Møtestad: Fylkeshuset, rom 826

**Møteleiar: Thorbjørn Aarethun**  
**Referent: Bjørn Inge Midtgård**

### Status for prinsippsaaka

Alle kommunane og fylkeskommunen har no gjort vedtak om å delfinansiera utbygginga av Rv. 555 Storavatnet – Kolltveit, Sotrasambandet, med bompengar (sjå vedtaka lenger bak i referatet).

### Status for planarbeidet

Statens vegvesen varsla våren 2016 motsegn om Bergen kommune vedtek at kollektivfelt på ny Rv 555 skal regulerast etter Plan- og bygningsloven. Statens vegvesen legg til grunn at innføring av kollektivfelt vert handsama etter Vegtrafikkloven. Komité for miljø og byutvikling vedtok 2. juni 2016 at kollektivfelt vert innarbeidd i reguleringsplanen. Kollektivfelte skal visas i plankartet og innarbeidast i planbestemmelsane. Med grunnlag i dette vedtaket og den varsla motsegna, vart det halde eit meklingsmøte 3. juni med deltaking frå fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune, Statens Vegvesen og Bergen kommune, men partane vart ikkje samde.

Bergen kommune har no sendt den nye planløysinga ut på høyring med uttalefrist 30.juni 2016. Etter høyringa vil byrådet leggja frem resultatet for Komité for miljø og byutvikling i møte 1. september, med sikte på bystyrehandsaming 21. september og slutthandsaming av reguleringsplanen i september eller oktober 2016.

Det gjenstår også å få på plass reguleringsplan for terminalløysinga og for massehandtering, slik at desse planane kan «ta igjen» hovudplanen for Sotrasambandet og gje grunnlag for KS2 handsaminga.

### Statleg andel og NTP

Det vart drøfta kva strategien bør vera for å sikra størst mogleg statleg andel. Skal kontaktutvalet ta eit politisk initiativ no eller skal leggja til grunn statleg andel som samsvarar med takstnivået som er tilrådd i prinsippsaaka.

### Vidare utgreiingsarbeid

Det var semje om å gjera ferdig bompengesøknaden i eigen regi - utan hjelp frå konsulent. Arbeidsgruppa held fram med arbeidet sitt. HFK administrerer møteverksemda og Statens vegvesen utarbeider søknaden i samarbeid med arbeidsgruppa. Det må detaljerast ein framdriftsplan for arbeidet. Det er aktuelt med eit nytt møte i arbeidsgruppa for bompengesøknaden tidleg i august og eit møte i kontaktutvalet i byrjinga av september.

## **VEDLEGG:**

### **Vedtak i prinsippsak:**

#### **Kommunestyret i Sund, 12.4.2016, sak. K-022/16:**

- «1. Sund kommune stiller seg positiv til delfinansiering av Sotrasambandet med bompengar.
2. Sund kommune sluttar seg til prinsippa for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som skildra i notat av 3.2.2016, kap. 2.1, og ber om at desse føresetnadene vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg bompengesøknad.»

#### **Kommunestyret i Øygarden, 13.4.2016, sak 025/16:**

- «1. Øygarden kommune stiller seg positiv til delfinansiering av Sotrasambandet med bompengar.
2. Øygarden kommune sluttar seg til prinsippa for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som skildra i notat av 3.2.2016, kap. 2.1, og ber om at desse føresetnadene vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg bompengesøknad.»

#### **Formannskapet i Askøy, 19.4.2016. sak 42/16:**

«Askøy kommune tar dokumentet til orientering og har ingen anmerkningar til høringsdokumentet.»

#### **Kommunestyret i Fjell, 28.4.2016, sak PS46/16:**

- «1. Fjell kommunestyre stadfestar tidlegare vedtak om at Sotrasambandet vert delfinansiert med bompengar.
2. Fjell kommunestyre sluttar seg til prinsippa for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som skildra i notatet Rv.555 Sotrasambandet – Prinsipp for delvis bompengefinansiering av 3.februar 2016, kap.2.1, og ber om at desse føresetnadene vert lagt til grunn for utarbeiding av formell bompengesøknad til Stortinget.
  - Bompengesøknaden skal avgrensast til finansiering av bompengeprojektet: Rv. 555 Storavatnet – Kolltveit, der innhaldet er bestemt i reguleringsplanen for projektet.
  - Det vert tilrådd plassering av bomstasjonar/bomsnitt etter prinsipp 3, dvs.bompengeinnkrevjing i snittet mellom Bergen og Sotra, med bomstasjonar på nye og gamle Sotrabrua, same takstnivå i begge punkta. Det vert ordinære rabattordningar i tråd med gjeldande retningslinjer.»

#### **Bystyret i Bergen, 15.06.2016, sak 152/16**

- «1. Bergen kommune stiller seg positiv til delfinansiering av Sotrasambandet med bompenger.
2. Bergen kommune sluttar seg til prinsippene for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som beskrevet i notatet «Rv 555 Sotrasambandet – prinsipp for delvis bompengefinansiering» av 3. februar 2016, kapittel 2.1, og ber om at disse forutsetningene legges til grunn for utarbeiding av formell bompengesøknad til Stortinget.
3. Bystyret forutsetter bompengefinansiering (bompengepakke 2) som en del av finansieringen av neste fase når nord-sør aksene på Sotra og Storavatnet – Liavatnet realiseres. Bystyret viser for øvrig til sak 51/15 RV 555 Storavatnet – Liavatnet kommunedelplan med konsekvensutredning. «Bystyret forutsetter at planen må inngå i bompengesøknaden for Sotrasambandet samt gjennomføres som en del av dette.»»

**Fylkestinget i Hordaland, 15.06.2016, sak PS 55/16:**

*«1. Fylkestinget er positiv til å delfinansiera utbygginga av Rv. 555 Storavatnet - Kolltveit, Sotrasambandet, med bompengar.*

*2.Fylkestinget sluttar seg til prinsippa for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som skildra i notat av 3.2.2016, kap. 2.1 - med tilrådd plassering av bomstasjonar/bomsnitt etter prinsipp 3 med einvegs eller tovegs bompengeinnkreving i snittet mellom Bergen og Sotra, med bomstasjonar på nye og gamle Sotrabraua, med same takstnivå i begge punkta og ordinære rabattordningar i tråd med gjeldande retningslinjer. Fylkestinget ber om at desse føresetnadene vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg bompengesøknad.»*